



Administrasjonen

Saksbehandlar
Nils Mæhle

Dir. innval
55587502

Elektronisk postadresse
Nils.Mehle@hib.no

Vår dato Vår ref.
13.10.2003 98/00099

Dykkar dato Dykkar ref.

KUF-komitéen
Hordalandsbenken
Bergen kommune
Hordaland fylkeskommune
Bergen Næringsråd
Næringslivets Hovudorganisasjon Hordaland
LO i Bergen og Omland

SAMLOKALISERING AV HØGSKOLEN I BERGEN SIKRING AV VIDARE FRAMDRIFT OG FINANSIERING

Vi viser til arbeidet omkring samlokalisering av Høgskolen i Bergen. Dette arbeidet er no inne i ein avgjerande fase, spesielt med tanke på den komande budsjettbehandlinga i Stortinget.

Framdrift

Status er slik når det gjeld framdrifta av prosjektet:

1. Statsbygg har kjøpt tomten (71 mål), og skal ha ansvaret for byggjeprojektet. I tillegg til høgskolebygget er det på tomten plass til ulike utdanningsrelaterte tiltak, t.d. studentbustader, studentbarnehage, idrettshall, nærings- og forskingspark, kontor og parkeringshus. Når det gjeld fleire av desse tiltaka, ligg det til rette for samarbeid om gjennomføring og finansiering.
2. Det er utarbeidd funksjons- og byggjeprogram for prosjektet, til saman 48 000 m2.
3. Det vert hausten 2003 gjennomført arkitektkonkurranse med avgjerd i januar 2004.
4. Neste fase er gjennomføring av eit forprosjekt (2004-05), som er obligatorisk i slike store byggjeprojekt. Til forprosjektet er det behov for kr 25 mill i 2004.

Finansiering

Departementet/Statsbygg har finansiert tiltaka i punkt 1-2, medan høgskolen har finansiert projektkonkurransen (jf punkt 3 ovanfor). Til vanleg er dette tiltaket også finansiert av departementet/Statsbygg.

Pr i dag er det ikkje midlar til finansiering av forprosjektet (punkt 4). Det kom heller ikkje slike midlar inn i budsjettframlegget for 2004. Men prosjektet er nemnt under Byggjeprojekt som er under forprosjektering (s. 186 i St.prp. nr. 1 frå UFD).

Vi viser til dette, og vonar at mottakarane av dette brevet vil gjera alt dei kan for å medverka til at dette omfattande prosjektet ikkje stoppar opp på grunn av manglande

finansiering. Eit ferdig høgskolebygg vil ikkje berre vera ein nødvendig føresetnad for vidare utvikling av Høgskolen i Bergen, det vil også kunna innebera eit løft for kommunen, regionen og næringslivet. Vi vil også understreka kva denne typen prosjekt betyr for å betra den vanskelege arbeidsmarknaden, og det både på kort og lengre sikt.

Rektor Eli Bergsvik og høgskoledirektør Nils Mæhle kan svara på eventuelle spørsmål og gje nærare informasjon.

Med helsing

Eli Bergsvik
rektor

Nils Mæhle
høgskoledirektør

Kopi: Utdannings- og forskingsdepartementet
Statsbygg
Styret for Høgskolen i Bergen
Studentparlamentet